

Årsmøteprotokoll

Gaustadblikk Høgfjellshotell

Fredag 6.april, 2018, kl.14.00.

Leiar Per Helge Sekse, Ullensvang, opna møtet.

Sak 1. Val av ordstyrar og skrivar

Stein Verpe, Hol, vald som ordstyrar.

Nils Bjørn Vistad (sekr) vald som skrivar.

Sak 2. Godkjenning av innkalling, sakliste og fullmakter

Ingen merknad til innkalling og sakliste.

Ingen fullmakter.

Sak 3. Opprop

Systematisk opprop frå medlemslista, v/skrivar. Det deltok 16 personar i møtet. Navneliste blir vedlagt hovudprotokoll. Dei frammøtte representerte 1135 km².

Sak 4. Årsmelding

Årsmeldinga vart gjennomgått ved leiar. Ingen særskilte merknader.

Årsmeldinga samrøystes godkjend.

Sak 5. Rekneskap

Gjennomgang ved kasserar Kit H. Flaata, Nore og Uvdal.

Revisjonsberetningen vart opplest. Spørsmål frå salen om forholdsvis store avvik mellom budsjett og rekneskap på postane for styrekostnader og Villreinutvalskostnader. Dette vart besvart frå styret i møtet,- skuldast betre styreframmøte gjennom året og meirarbeid grunna skrantesjukeproblematikken. Slike større avvik bør kunne forklarast ved noter til rekneskapen for ettertida. Jfr. noter etter protokollsignatur her.

Rekneskapen samrøystes godkjend.

Sak 6. Godtgjersle til tillitsvalde

Orientering og innstilling ved Johan Vaa, Vinje.

Årsmøtet vedtok samrøystes vidareføring av satsene frå i fjor: Kr.1.000 pr. møtedag, og godtgjering til leiar kr.30.000 (utan daggodtgjering for møter). Kasserargodtgjeringa kr.3.000. HG har eigen rekneskapsføring.

Sak 7. Medlemskontingent for 2018

Styret gjorde framlegg om uendra satser. Samrøystes vedtak om vidareføring av dagens praksis: Grunnbeløp kr.200 + kr.60,- pr. km² (1000 dekar). Godkjend av møtet.

Sak 8. Budsjett for 2018

Framlegg til budsjett v/Per Helge Sekse,- med samla ramme på kr.230.000.

Budsjettet samrøystes godkjend.

Sak 10. Arbeidsplan

Leiar gjekk gjennom styret sitt framlegg til arbeidsplan, som i all hovudsak fylgjer tidlegare oppsett. Det er lagt inn eit nytt punkt om å «Handsame saker som medlemmene fremmer.» Det vart ein mindre debatt i møtet om prosjektet «villrein fjell som verdiskapar», nett igangsett av Buskerud fylkeskommune.

Arbeidsplanen vart så samrøystes vedtatt.

Sak 10. Innkomne saker

Ingen innkomne saker. Leiar orienterte om nokre saker handsama i styremøte same dag:

10,a Kontingentsaken

Bebuda sak om dette kom ikkje til møtet, men problematikken vil bli drøfta vidare i styret. Jfr. meir info i styremøtereferatet.

10,b Villreinformalinga

Vi har eit bestandsmål om eit tak på 12000 dyr, men bare telgjing som viser 7000 dyr før kalving i vår. Avskytinga i haust må sikre bestandsvekst!

10,c DAB-dekningen

HG og Fjellstyra vil freiste felles innspel for å peike på problema med særskild dårleg dekning på Hardangervidda

10,d Forvaltingsmøte på Finse 24.-25.mai

HG reagerer sterkt på at myndigheitene nå strammer inn at den opne ordninga der alle har høve til å vera med på alt. Dette blir tatt opp med fylkesmennene i alle tre fylka. HG blir med på Finsemøtet.

Sak 11. Val

Valkomiteen hadde i år gjort eit ryddig og godt arbeid, primært ved leiar Kit H. Flaata, Nore og Uvdal. Ho deltok i møtet og leia valet

Alle val vart samrøystes, utan motkandidatar. Styremedlemmer vald for 2 år, leiar og nestleiar for 1 år.

- *Styremedlemer på val (reellt oppnemnd lokalt, men blir likevel formelt vald i årsmøtet):*
 - *Eidfjord* **Anve K. Myklatun** (attval) med vara **Gunnar Læg Reid** (attval).
 - *Odda* **Torgils Eide** (attval), med vara **Knut Berge** (attval)
 - *Tinn* **Gjermund Geirstad** (ny) med vara **Robert Pedersen** (ny vara)
- *Leiar:* **Per Helge Sekse** Ullensvang (attval)
- *Nestleiar:* **Stein G. Verpe, Hol** (attval)
- *Valnemndmedlem:* **Buskerud: Emil Steira** (for 3 år – ansvarleg i 2021.
Vara **Erling Bjørkheim**.
- *Revisorar:* **Torunn Øygarden og Kirsten T. Haugland** (attval)
- *Fjelloppsynet:* **Torgils Eide** (attval) med vara **Stein Verpe** (attval)

Nils Bjørn Vistad, skrivar
skrivar

Noter til rekneskapen:

- 1) Post 2400 (leverandørgjeld) skuldast at sekretariatskostnaden ikkje vart betalt før over nyttår.
- 2) Auka kostnad til Villreirutvalet har samanheng med meirarbeid knytt til skrantaesjukeproblematikk. Dette tok årsmøtet høgde for i fjor, og ga styret tilleggslyve på kr.50.000 (samla ramme 280.000).
- 3) Auka styrekostnad skuldast fleire møtedagar og dyrare hotell.